



**Møtebok**  
**for**  
**Formannskapet i Radøy**

**Møtedato:** 20.03.2014  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09:00

<b>Møtedeltakarer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Jon Askeland	SP	Ordfører
Ann Christin Hoen	AP	Varaordfører
Frode Hervik	V	Medlem
Finn Frantzen	KRF	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

**Andre møtande:**

Underskrifter:

---

Jon Askeland  
Ordfører

---

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
<b>15/2014</b>	Meldingar og referatsaker
<b>16/2014</b>	Rekneskap og årsmelding 2013
<b>17/2014</b>	Regulering av investeringsbudsjett 2014
<b>18/2014</b>	Kollektivstrategi for Hordaland - høyring
<b>19/2014</b>	Skuleskyss i Radøy
<b>20/2014</b>	Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2014
<b>21/2014</b>	Høyring - Reservasjonsordning for fastlegar
<b>22/2014</b>	ROS analyse 2014
<b>23/2014</b>	Kraftleidning Mongstad - Kollsnes - søknad om konsesjon for veg i Kuvågen - høyringssvar
<b>24/2014</b>	Sal av tomt - Storsandvik

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
15/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	14/803	

## Meldingar og referatsaker

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

### Formannskapet i Radøy - 15/2014

#### FS - handsaming:

Det vart orientert om følgjande skriv og meldingar:

Nordhordlandspakken: Ordføraren informerte om at Vegdirektoratet si handsaming av Nordhordlandspakken tar lenger tid enn det var kalkulert med. Det medfører at vegpakke og bompengesøknad ikkje kan verta handsama i kommunane tidnok til å få saka i fylkestinget sitt junimøte – men først i oktober.

Folkhelsearbeidet: Ordføraren orienterte om at det er fremja ein regional folkehelseplan, som legg vekt på felles tiltak i regionen. Saka kjem til handsaming på neste møte i formannskapet.

Kommunalt strategisk næringsarbeid: Rådmannen orienterte om at det er etablert ei kommunal arbeidsgruppe som skal jobba med lokalt strategisk næringsarbeid. I tillegg til rådmann og kommunalsjef er ordførar med i arbeidsgruppa som skal utarbeida nokre strategiar for det lokale næringsarbeidet.

Frode Hervik (V) framheva behovet for å vera tett på prosessen knytt til interkommunalt næringsplanarbeid.

Omdømmeprojekt: Ordføraren orienterte om det regionale omdømmeprojektet, eit samarbeid mellom det offentlege Nordhordland og næringslivet. Formålet er å bygga eit godt og positivt omdømme for Nordhordland, og å få på plass eit system og eit forslag til korleis regionen kan jobba med omdømme og profilering – som ein del av Bergensregionen. Effekten på lang sikt er at fleire ønskjer å jobba, bu og besøka regionen. Prosjektet er eit pilotarbeid knytt opp mot Business Region Bergen.

Museumsorganisasjon: Ordføraren orienterte om ei arbeidsgruppe i Lindås kommune som har sett på mogleg ny museumsorganisasjon som kan stå for bevaring og utstilling av kommunen og sogelaget sine samlingar.

Arbeidet starta ut frå lokale behov, men også med tanke på å utvikla ein organisasjon som også kunne vera tenleg for alle kommunane / fleire kommunar i Nordhordland. Regionrådet har vedteke at Kulturutvalet / NUI kallar inn til ei brei samling for tilsette i kommunane, frivillige og MUHO for å løfta saka fram, og at det vert sett ned ei regional arbeidsgruppe for å føra arbeidet vidare.

Biosfæreprosjektet i Nordhordland: Ordføraren gav ein kort status for prosjektet. Det er gjennomført strategisamling med styringsgruppa, og det er laga handlingsplan for arbeidet fram til første søknad vert sendt.

Arbeidet er godt i gang med å skriva hovudsøknaden til Unesco om å bli eit biosfæreområde, og regionen har fått statleg tilskot til denne prosessen. Den norske UNESCO-kommisjonen har på grunnlag av engasjementet vårt sett ned eigen Biosfærekommisjon. Det er eit viktig steg framover, og viser at Norge no satsar på biosfære. Ordføraren konstaterer at Nordhordland er i ferd med å verta sett på kartet.

Magasin for kulturminne i Nordhordland/visningssenter VUS: Planane om eit magasin for kulturminne i Nordhordland -kombinert med besøkssenter ved Vestnorsk Utvandringssenter er i ferd med å ta form. Det er sendt søknad om statlege løyvingar til prosjektet. Ordføraren orienterte om den planlagde samlokaliseringa. Utvandringssenteret har lenge jobba med å få på plass eit besøkssenter og Nordhordland har behov for magasinplass for å ivareta kulturminne.

Lokalmat Hordaland: Silje Namtvedt (Sp) informerte om matstrategi «Vegval for mat Hordaland», som vart lansert på MØTEPLASS MAT i Bergen. Det er utarbeidd ein strategi som mellom anna tar sikte på å få meir lokalmat på menyen i restaurantbransjen. Namtvedt etterlyser eit større fokus på kven som dyrkar maten, og ho vil løfta fram mat og helsefokus. Ordføraren ser på mogleg innspel til «Vegval for mat Hordaland».

KLP: Ordføraren orienterte om utviklinga i Kommunal Landspensjonskasse og at KLP neste år vil gje utbytte til kommunane.

Startlån: Radøy kommune søkte om 3 millionar kroner, og fekk 2,46 millionar kroner frå Husbanken til vidare utlån til startlån i 2014. Desse midlane er no utlånt, mellom anna på grunn av eit overheng frå fjor og endring i retningslinjene for kven som kan få startlån. Formannskapet ber rådmannen leggja fram ei sak om mogleg utvida startlån-kvote.

Gjenkjøp av tomtar: Rådmannen orienterte om at det har meldt seg interesse for å kjøpa tidlegare kommunale tomtar på Bø som framleis er ubebygd. Kommunen har gjenkjøpsrett etter ei bestemt tid, og formannskapet opnar for at rådmannen etter å ha sjekka ut om det er konkrete planar for utbygging, kan setja i gang prosess med å kjøpa tilbake tomtar. Kommunale tomtar som ligg innanfor områdeplan for Bø, skal haldast tilbake til områdeplanen er endeleg godkjend.

Hordabøheimen: Rådmannen orienterte om at det ser ut til å gå mot ei avklaring om Hordabøheimen. Kjøpar er i dialog med meklar med intensjon om å skriva under kontrakt.

Frivilligsentralen – organisering: Rådmannen vurderer for tida Frivilligsentralen si tilknytning til den kommunale organisasjonsstrukturen. Frivilligsentralen er ikkje underlagt rådmannen si styring, og det vert no jobba med å få klarare styringslinjer for sentralen. Det kan innebera at Frivilligsentralen må ut av det kommunale organisasjonskartet.

Formannskapet tok skriv og meldingar til følgje.

#### **FS - vedtak:**

Skriv og meldingar vart teke til følgje.

#### **Saksopplysingar:**

- a. Nordhordlandspakken - saksgang. Orientering v/ordføreren
- b. Folkehelsearbeidet Radøy kommune - notat v/kommunalsjef Johan Sandal
- c. Næringsplanarbeidet - orientering v/ordføreren
- d. Regionrådet - møteprotokoll 14. februar
- e. Vestnorsk utvandringssenter - investeringssøknad nybygg
- f. Skatteinngang februar 2014
- g. MAT Hordaland - vegval
- h. KLP - valmøte
- i. Orientering v/ordførar
- j. Orientering v/rådmannen

**Vedlegg:**

VUS\_investeringssøknad\_bygg

Skisse museumssenter

VUS\_prinsippsnitt

VUS\_plan hovedtasje 1-200

Veivalg MAT Hordaland dokument til presentasjon version med flere bilder

Folkehelse -Interkommunalt samarbeid

Folkehelse rapport primo februar 2014 (2)

Folkehelse Radøy notat

Regional\_planprosess 23 jan 14

Protokoll 1-2014 Regionrådet 14. februar

Skatteinngang februar

Valgmøter før nå fremover - 2014

Valgmøte i Bergen 11 3 2014

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
16/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014
09/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	10.04.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	14/718	

## Rekneskap og årsmelding 2013

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rekneskap og årsmelding for Radøy kommune for 2013 vert godkjent slik dei ligg føre.

### Formannskapet i Radøy - 16/2014

#### FS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om årsmelding og rekneskap for Radøy kommune i 2013. Rekneskapen er gjort opp med eit netto driftsresultat på kr 2 583 927,- som er 0,7% av sum driftsinntekter.

Resultatet ligg nær snittet for dei siste 5-6 åra. 2012 var eit unntaksår, med mange heldige omstende.

Økonomisjefen omtalte 2013-resultatet som svakt. Etter pliktig overføring av ca 3,3 mill. i mva-kompensasjon til investering, kjem kommunen i realiteten ut med eit underskot.

I 2013 var driftsinntektene 366,8mill, ein auke på 5,12 % frå 2012. Driftsutgiftene var 371 mill, ein auke på 7,25% frå 2012.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### FS - vedtak:

Rekneskap og årsmelding for Radøy kommune for 2013 vert godkjent slik dei ligg føre.

#### Saksopplysingar:

Etter kommunelova § 48, første punktum skal kommunen for kvart år arbeida ut årsrekneskap og årsmelding. Årsrekneskapen skal omfatta alle økonomiske midlar som vert disponert i året, og korleis dei er brukt. Alle kjente utgifter og inntekter i året skal takast med i rekneskapen, anten dei er betalt eller ikkje når rekneskapsåret vert avslutta.

Årsmeldinga skal gje opplysningar som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling, og resultatet av verksemda som ikkje går fram av årsrekneskapen. Andre tilhøve som er vesentlege for kommunen skal også vera med. Det skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk, og som er planlagt sett i verk for å sikra betryggjande kontroll og høg etisk standard i verksemda. Det skal også opplysast om den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i kommunen, og tiltak som er sett i verk, eller

planlagt sett i verk for å fremja likestilling og hindra ulike handsaming etter likestillingslova og for å fremja føremålet i diskriminerings- og tilgjengelova.

Rekneskapsdokument og årsmelding følgjer som eigne dokument i saka.

Radøy kommune sitt rekneskapsdokument med notar tek opp i seg nokre av tilhøva som lova krev omtalt i årsmeldinga. Rådmannen reknar det som er teke med i notar til rekneskapen som tilstrekkeleg.

Rådmannen viser elles til kommentarane i årsmeldinga.

**Vedlegg:**

Rekneskap 2013

Årsmelding\_2013\_endeleg

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
17/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014
10/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	10.04.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	14/298	

## Regulering av investeringsbudsjett 2014

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skjema 2B investering 2014 vert endra slik:

Prosjekt 2110003 Austebygd skule + kr 600.000  
Prosjekt 2110004 Austebygd skule parkeringsplass + kr 100.000  
Prosjekt 6101002 Rådhuset oppgradering + kr 1.100.000

Skjema 2A investering vert endra slik:

Investeringar i anleggsmidlar + kr 1.800.000  
Sal av anleggsmidlar – kr 3.000.000  
Andre inntekter (mva-kompensasjon) - kr 360.000  
Redusert bruk av lån + kr 1.560.000

### Formannskapet i Radøy - 17/2014

#### FS - handsaming:

Rådmannen orienterte om investeringsprosjekta som reguleringa omfattar, og om årsakene til at desse kostnadane kjem på 2014-budsjettet.

Arbeidet med oppgradering av fasade og skifte av vindauge på rådhuset viste seg å bli meir omfattande enn planlagt. Undervegs vart det avdekka at eine veggen var i så dårleg forfatning at det måtte gjerast ei grundigare arbeid.

Økonomisjefen viste til at desse skadane vart oppdaga så seint at det ikkje var mogleg å leggja fram sikre tal til politikarane før no, men peikar samtidig på at fasadearbeidet på rådhuset ikkje har overstige løyvinga som kommunestyret tidlegare har gjort vedtak om.

Kenneth Murberg (H) konstaterte at denne kostnaden ikkje var med på 2014-budsjettet, og dermed forrykkjer årets budsjett. Han etterlyste ei oppgradert prosjektliste frå rådmannen i samband med budsjettarbeidet.

Frode Hervik (V) framheva behovet for å ha ein betre oversikt og kvalitetssikring av investeringsprosjekt knytt til budsjettprosessen, for å unngå budsjettregulering. Han ville ha meir informasjon om kva arbeid som er gjort, og ønskjer det lagt inn i saksutgreiinga før handsaming i



kommunestyret.

Roy Bø (FrP) viste til prioriteringsliste over vedlikeholdsprosjekt på kommunale bygg, og helsar velkomen ei betre prosjektstyring.

Rådmannen orienterte formannskapet om arbeidet og fokus som er sett på kvalitetssikring og rapportering av prosjekt og investeringar. I samband med ny leiar på teknisk drift, vert det sett inn ressursar for å styrka prosjektstyring og prosjektoppfølgjing. Når den nye organiseringa er på plass kjem rådmannen tilbake med ei grundig oversikt over kommunale vedlikeholdsprosjekt og investeringsprosjekt. Til kommunestyremøtet førebur rådmannen informasjon om kva arbeid som er gjort med vedlikehald på rådhuset.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

### **FS - vedtak:**

Skjema 2B investering 2014 vert endra slik:

Prosjekt 2110003 Austebygd skule + kr 600.000  
Prosjekt 2110004 Austebygd skule parkeringsplass + kr 100.000  
Prosjekt 6101002 Rådhuset oppgradering + kr 1.100.000

Skjema 2A investering vert endra slik:

Investeringar i anleggsmidlar + kr 1.800.000  
Sal av anleggsmidlar – kr 3.000.000  
Andre inntekter (mva-kompensasjon) - kr 360.000  
Redusert bruk av lån + kr 1.560.000

### **Saksopplysingar:**

Nokre av investeringsprosjekta vedtekne i 2013 har halde på over årsskiftet 2013/14, og det må difor gjerast nye løyvingar i 2014.

Frå 2014 gjeld nye reglar for mva-kompensasjon i investeringsrekneskapen. Kostnadene i skjema 2B skal framleis løyvast som brutto beløp, dvs medrekna mva. Mva-kompensasjonen vert ført som inntekt, med ein samla sum for alle investeringar.

**Taket på Austebygd skule** vart bokført med kostnader kr 628.918 i 2013, medan det var budsjettert kr 1.300.000. Arbeidet var om lag halvferdig ved årsskiftet. Slik det ser ut, må det løyvast brutto kr 600.000,- for å dekkja kostnadene som kjem på i 2014. Dette er 100.000 lågare enn den samla løyvinga for 2013.

Arbeidet på **parkeringsplassen ved Austebygd skule** vart først starta opp i 2014. Kostnaden, medrekna asfaltering og gjerde, ser ut til å bli ca kr 100.000 høgare enn føresettt i 2013. Rådmannen ber såleis om ei brutto løyving på kr 400.000 i 2014.

Prosjekt **oppgradering av rådhuset** har også teke noko lengre tid enn føresettt. I 2012 vart det løyvd kr 500.000 til prosjektet, og dette var tiltenkt veggjen mot nordvest, medrekna nedgangen mot

arkivet. Arbeidet vart først utført i 2013.

I budsjettet for 2013 vart det løyvd kr 1,5 mill til oppgradering av rådhuset. I denne løyvinga var det ikkje teke høgd for dei kr 500.000 som var løyvd for 2012, men som faktisk ikkje vart nytta. Dette skuldast at budsjettet for 2013 vart vedteke før året 2012 var omme, og før ein visste kva arbeid som faktisk vart utført i 2012. Ved budsjettendring i 2013 vart det rett og slett gløymt å be om rebudsjettering av kr 500.000.

Hausten 2013 vart arbeidet med dei resterande veggane sett i gong. Samla bokførte kostnader i 2013 var kr 899.205. Dette omfattar arbeidet på veggen mot nordvest, og noko av arbeidet med dei andre veggene.

I budsjettet for 2014 er det ikkje sett av midlar til rådhuset. Dette skuldast at ein hadde von om at alt arbeidet kunne gjennomførast i 2013. Men slik gjekk det ikkje. Det ser ut til at dei samla kostnadene som kjem på i 2014 til rådhuset vert om lag kr 1,1 mill , og rådmannen ber om rebudsjettering av kr 500.000 frå 2012 og kr 600.000 frå 2013, til saman kr 1,1 mill inkl mva. Samstundes kan mva-kompensasjon kr 220.000 nyttast som finansiering. Netto trong for finansiering til rådhuset i 2014 er såleis kr 880.000,-.

Etter at rekneskapen for 2013 er avlagt, syner det seg at det vert overført om lag 1 mill mindre i **unytta lånemidlar** til 2014 enn det var føresett i budsjettet, jf årsmelding for 2013. Dette gir auka trong for ekstern finansiering i 2014.

Rådmannen legg til grunn at salet av Hordabøheimen let seg gjennomføra i 2014, og at det vil gje ei netto inntekt på ca 3 mill i investeringsrekneskapen 2014.

Samla verknad av auka løyvingar, rebudsjettering og justerte inntekter og refusjonar er ei innsparing i investeringsrekneskapen på totalt kr 1.420.000. Dette fører til redusert bruk av eksterne lånemidlar i 2014.

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
18/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/303	

## Kollektivstrategi for Hordaland - høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir følgjande uttale til kollektivstrategi for Hordaland

- Framlegg til kollektivstrategi for Hordaland tar opp viktige utfordringar og beskriv viktige tiltak for utviklinga av kollektivtransporten i fylket
- Radøy kommune har forståing for at strategien har størst fokus på områder med størst befolkningskonsentrasjon men ber meiner at viktige område som arbeidsreiser, kveldsreiser og andre tilbud i distrikta bør omtalast i strategien.
- ---
- ---
- ---

### Formannskapet i Radøy - 18/2014

#### **FS - handsaming:**

Ordføraren orienterte om kollektivstrategien til Skyss, som no er på høyring i kommunane. Skyss legg opp til ei styrking av kollektivtilbodet, særleg i dei folkerike områda. For Radøy er det ikkje minst viktig å sikra eit godt kollektivtilbod knytt til arbeidsreiser og skuleskyss, og eit betre tilbod til ungdom i distriktet påkveldstid og i helgane.

Roy Bø (FrP) ønskjer ei endring i takstzone-ordninga og meiner at det er ei oppgåve for regionen å fronta – for å stå sterkast mogleg bak kravet. Silje Namtvedt (Sp) meiner kommunen bør be regionrådet gå i dialog med Skyss.

Ann Christin Hoen (Ap) ønskjer å få tilbake ordninga med ”ringeruter”, som er ei god ordning ikkje minst for eldre i distriktet. Ho meiner det kan resultera i mindre tomkjøring for selskapet.

#### **Frode Hervik (V) kom med følgjande framlegg:**

Radøy kommune har forståing for at kollektivstrategien slår fast at det er nødvendig å prioritere ressursane der transportbehovet er størst, men vil gjerne understreke betydinga av den påfølgjande setninga: *Samstundes skal kollektivtilbodet vere eit attraktivt og tenleg tilbod for alle innbyggjarane i fylket.* Radøy ligg i det definerte Bergensområdet, og har mange pendlarar som reiser inn til Bergen. Radøy kommune forventar derfor at tiltak også kjem reisande frå Radøy til gode.

Skyss ynskjer å utvikle eit enklare og meir effektivt linjenett. Dette inneberer mellom anna færrest mogleg parallelle linjer på hovudforbindelsane og at linjeføringar i størst mogleg grad skal gå rett fram mellom store reisemål. Radøy kommune støttar desse prinsippa. I det vidare arbeidet med

handlingsprogram og trafikkplanar ynskjer Radøy kommune at det vert vurdert å innføre ei linje som går kortaste veg Bø – Manger – Austmarka – Knarvik, samt ei «ringrute» Knarvik – Lindås – Austrheim – Austmarka – Knarvik utan omvegar. I kombinasjon med tilførselsbussar frå mindre tettbefolka område på enkelte avgangar, vil dette sikre eit betre kollektivtilbod utan at det vert dyrare. For Radøy kommune er det viktig å understreke at kommunesenteret Manger må vere eit viktig kollektivknutepunkt også i framtida.

Radøy kommune er positiv til utvikling av regionstamlinjer i Bergensområdet. For Nordhordland dreier det seg om buss og snøggått frå Knarvik/Frekhaug til Bergen. For innbyggjarar i Radøy som pendlar til Bergen er dette også attraktivt. Det er i denne samanheng også ynskjeleg å forbetre dei såkalla «park and ride»-anlegga og kollektivterminalane i Knarvik og på Flatøy. Slik desse er organisert no går for mykje tid vekk i overgangen frå bil til buss. Regionstamlinjene må også ha god korrespondanse med linjer lenger ut i Nordhordland, som til dømes ei linje til Austmarka – Manger – Bø og ei ringrute over Radøy.

Radøy kommune er i utgangspunktet positiv til ideen om linjer for samanhengande reiser mellom regionsenter og større tettstader i fylket, men stiller spørsmål ved om det er rett prioritering til dømes å opprette ei hovudlinje mellom Knarvik og Voss. I Nordhordland er det etter vårt syn viktigare å sikre eit godt kollektivtilbod mellom kommunesentra og regionsenteret Knarvik og vidare til Bergen. Det er også viktig å sikre eit visst kollektivtilbod frå meir perifere delar av Radøy kommune og inn til kommunesenteret på Manger, spesielt med omsyn til eldre.

Grunntilbodet i kollektivtrafikken i tynt befolka område er den lovpålagde skuleskyssen. Radøy kommune meiner denne må betrast med sikte på å skape ei meir effektiv reisetid for elevar både i grunnskulen og til dei vidaregåande skulane. Radøy kommune er positive til at linjer med få passasjerar kan køyrast med maxitaxi eller liknande, og meiner at dette kan gje ei betre ressursutnytting. Sjølv om fokuset bør ligge på skuleskyss og arbeidsreiser, er det viktig også å sikre eit kollektivtilbod også på kveldstid.

Radøy kommune er også opptekne av at ungdom og andre skal kome seg trygt heim i helgene. Heilt konkret ynskjer me at den ordinære nattbussruta natt til sundag frå Bergen vert forlenga frå Austmarka til Manger, dersom passasjerar. Vidare ynskjer me ei utgreiing/vurdering av nattbusstilbodet i Nordhordland. I dennesamanheng er det ynskjeleg at Nordhordland vert inkludert i «Trygt heim» ordninga med faste ruter som også kan sikre eit tilbod i nordre del av Radøy, Lindås og Meland, samt Austrheim.

Radøy kommune meiner vidare at det bør takast ein gjennomgang av takstsonesystemet i Nordhordland og andre delar av fylket med sikte på å redusere talet på sonar. I dag er det eit lappeteppje av sonar, som ikkje er enkelt å forhalde seg til verken for sjåførar eller reisande.

Radøy kommune ynskjer å vere med å påverke utviklinga av eit godt og tenleg kollektivtilbod i Nordhordland, og ynskjer å få handlingsprogrammet og trafikkplanar til høyring når så langt kjem.

Ordføraren gjorde framlegg om å basera uttalen på framlegget frå Frode Hervik, men med visse justeringar.

Ordføraren ønskjer ikkje å plassera alt kollektivtrafikk inn mot terminalar på Flatøy og Knarvik, men i staden etablera hovudsnu plassar i Austmarka, Holmemarka og Ostereidet, noko som også er i samsvar med utfordringar frå Skyss. Han ønskjer at uttalen skal innehalda ei forsterking av avsnittet om tilbodet til ungdom i distriktet.

Det vert også lagt opp til å finna ei samlande formulering rundt tekstsoneforenkling. Formannskapet ønskjer at saka vert avgjort i kommunestyret.

Formannskapet slutta seg til ordføraren sitt framlegg om å gje Frode Hervik (V) fullmakt til å formulera ein høyringsuttale på bakgrunn av hans framlegg til uttale og drøftingane i formannskapet.

### **FS - vedtak:**

Frode Hervik får fullmakt til å jobba fram eit justert framlegg til uttale, som formannskapet får tilsendt på e-post, for å koma fram til ein felles uttale til kollektivstrategi i Hordaland.

### **Saksopplysingar:**

#### **Bakgrunn**

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for kollektivtransporten i Hordaland. Fylkeskommunen ved Skyss har utarbeidd utkast til kollektivstrategi for Hordaland som visar korleis fylkeskommunen vil arbeide for å nå nasjonale og regionale mål for kollektivtrafikken. Kollektivstrategien skal legge grunnlaget for fylkeskommunen sine prioriteringar og vere styringsdokument for Skyss sitt arbeid med utvikling av kollektivtilbodet i fylket. Hordaland fylkeskommune har samtidig ein ambisjon om at strategien vil vere eit innspelsdokument til planar og prosessar i kommunen.

Kollektivstrategien vil bli følgd opp gjennom eit handlingsprogram som vil vise korleis fylkeskommunen vil setje i verk strategiane og konkrete prioriteringar i en periode på 4-5 år.

Strategien tek utgangspunkt i prognose om sterk vekst i folketalet i bergensområdet og mål i regional transportplan for Hordaland om nullvekst i privatbilismen i Bergensområdet (definisjonen av Bergensområdet er Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Meland, Lindås, Radøy, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os).

Oppsummert er måla i strategien å

- utvikle det beste tilbodet der flest reiser
- styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane,

Skyss vil samordne offentleg transport i tynt befolka område. Dei vil i slike område Høyringsutkastet er politisk handsama i fylkesutvalet 30.01.14.

Frist for å gje synspunkt og merknadar er 11. april 2014.

### **Vurdering**

Strategien gir uttrykk for gode målsetjingar og mange rette tiltak for å nå dette.

Utvikling av kollektivtilbodet vil etter strategien ha fokus på områder med størst befolkningskonsentrasjon. Dette er fornuftig sett i samanheng med må om å få kollektivandelen for reisande auka i framtida, men Radøy kommune vil sannsynlegvis vere utanfor kjerneområda for dei fleste av tiltaka. I strategien er det uttrykt konstatert at det i deler av Hordaland ikkje er befolkningsgrunnlag for eit godt utbygd kollektivtilbod, men at det likevel er eit samfunnsansvar å ivareta rimeleg grad av mobilitet utan bruk av bil. Det er viktig for Radøy å ha eit godt kollektivtilbod

særleg sett i samanheng med skuleskyss, arbeidsreiser og reiser på kveldstid, særleg for trygg heimkomst for ungdom i samband med arrangement. Det er presisert i strategien at den lovpålagte skuleskyssen er grunntilbodet i kollektivtrafikken og at førsteprioritet er å sikre elevane sine rettar. Dette er viktig. I tillegg bør det omtalast i strategien viktige grep som godt rutetilbod konsentrert om arbeidsreiser og anna utanfor dei sterkast befolka område.

**Vedlegg:**

KollektivstrategiSkyssHoyring-2014-01-07

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
19/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jo Bjarte Tømmerbakke	14/299	

## Skuleskyss i Radøy

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen tilrår å setja ned ei politisk nemnd som kan vurdera dagens gjeldane skuleskyssordning

### Formannskapet i Radøy - 19/2014

#### FS - handsaming:

Formannskapet slutta seg til rådmannen sitt framlegg om å setja ned ei politisk nemnd som skal leggja fram vurderingar knytt til farleg skuleveg og særordningar for skuleskyss i Radøy.

Formannskapet ønskjer fagkompetanse frå administrasjonen i nemnda sitt arbeid. Mellom anna skal nemnda på synfaringar og vurdera dagens trafikksituasjon ved skulane. Nemnda skal også henta innspel frå ulike instansar.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding, med følgjande tillegg:

Kenneth Murberg, Silje Namtvedt og Jon Askeland er politiske medlemar i nemnda.

#### FS - vedtak:

Det vert sett ned ei politisk nemnd som kan vurdera dagens gjeldane skuleskyssordning. Kenneth Murberg (H), Silje Namtvedt (Sp) og ordførar Jon Askeland vert med i nemnda.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Hausten 1998 kom det to søknader om fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg, ein som gjaldt elevar som hadde skuleveg frå Tveiten til Manger, og ein som gjaldt elevar som hadde skuleveg frå Kalnes mot Sæbø skule. Begge søknadene fekk avslag i skulestyret, men søkjarane klaga til fylkesmannen. Resultatet av klagehandsaminga vart at dei frå Tveiten ikkje fekk medhald, medan fylkesmannen slo fast det var for farleg for skulebarn å ferdast langs riksvegen frå Storheimstø til Taule.

Skulestyret la då til grunn at alle som må ha skuleveg langs Rv 565 får fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg. Skulevegen frå andre deler av krinsen til Sæbø skule skal reknast etter gangvegen om Solheim. Elevar som har meir enn 4 km etter denne vegen, får fri skyss.

Eit resultat av denne prosessen vart at skulestyret sette ned ei nemnd for å vurdere farenivået på all skuleveg i Radøy. Med grunnlag i desse to klagehandsamingane, omfattande synfaring og eigne vurderingar, konkluderte nemnda med at mykje av skulevegen på Radøy var farleg, men berre skulevegen langs 565 på Sæbø var særleg farleg. Denne innstillinga vart vedteken først av skulestyret og deretter av kommunestyret.

Desse vedtaka har seinare lagt grunnlaget for kommunen sitt arbeid med søknader om fri skyss grunna særleg farleg skuleveg. Alle har fått avslag, men i perioden 1999 – 2014 har tre klagesaker til fylkesmannen har fått medhald, og status på området er no slik ( i tillegg til 2/4 km grensa):

#### **Austebygd skule**

Born i 1. og 2. klasse som kjem nordfrå langs Rv 565 til Austebygd skule, og alle langs Hellandsvegen etter Sletta senter, får fri skyss grunna særleg farleg skuleveg.

#### **Hordabø skule**

Ingen særordningar når det gjeld skuleskyss.

#### **Manger skule**

Alle på Halland og Sævdal har fri skuleskyss på grunn av særleg farleg skuleveg.

#### **Sæbø skule**

Alle som må ha skuleveg langs Rv 565 får fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg. Skulevegen frå andre deler av krinsen til Sæbø skule skal reknast etter gangvegen om Solheim. Elevar som har meir enn 4 km etter denne vegen, får fri skyss.

#### **Radøy ungdomsskule**

Alle på Halland og Sævdal har fri skuleskyss på grunn av særleg farleg skuleveg.

Totalt for kommunen kan ein dela opp elevane i grunnskulen slik:

- A. Dei som har fri skyss grunna avstand (2/4 km)
- B. Dei som har fri skyss grunna særleg farleg skuleveg (klagehandsaming hjå fylkesmannen).
- C. Dei som vil få fri skyss dersom kommunen innfører ei slik ordning for alle med farleg skuleveg.
- D. Dei som det er uråd å påstå har farleg skuleveg (feltbuarar og mesteparten av Manger).

Set vi dette inn i ein tabell, fordelt på skule, får vi desse tala (fordeling mellom C og D er gjort skjønsmessig på den einskilde skulen):



Type	Austebygd	Hordabø	Manger	Sæbø	RUS	Sum
A	5	39	43	44	116	247
B	5	0	5	20	2	32
C	34	22	20	26	8	110
D	9	43	80	39	66	235

## Økonomi

Einskildbillett for barn kostar kr 16. Årlege kostnader med fri skyss er såleis kr  $16 \times 2 \times 190 =$  kr 6080 for kvar elev i gruppe A. Til vanleg er kostnadene dei same i gruppe B og C, men her kan fylkeskommunen krevja å få dekka dei reelle kostnadene sine.

Kostnadene med å innføra fri skyss for elevar med farleg skuleveg vert såleis minst

kr 6.080 x tal C-elevar, dvs. minimum kr 668.800 pr. skuleår.

Alternative variantar av C-ordninga kan vera å gje fri skyss i eit avgrensa tidsrom (td. mellom haustferie og vinterferie), gje fri skyss berre om morgonen, eller kombinasjonar av desse. Desse variantane reduserer kostnadene og kan vera aktuelle dersom faren er knytta til mørke/is/snø eller til (mykje) trafikk.

## Vurdering

Rådmannen vil peika på at Radøy kommune har ein trong økonomi og gjennomfører omfattande nedskjeringar innanfor skule i år. Dette talar i seg sjølv mot å gå inn på ikkje lovpålagte kostnadsdrivande tiltak. Eit alternativ vil vera å setja ned ei ny nemnd som kan vurdera på ny kor farlege dei ulike skulevegane på Radøy er. Dette med bakgrunn i at det vart gjort førre gang så langt tilbake som i 1999, og at det dermed kan vere tid for ein grundig gjennomgang på nytt. Sakshandsaminga vil då halda fram som før, justert for vedtekne framlegg frå nemnda.

## Konklusjon

Rådmannen tilrår å setja ned ei politisk nemnd som kan vurdera dagens gjeldane skyssordning.

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
20/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014
12/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	10.04.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jo Bjarte Tømmerbakke	14/755	

## Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2014

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2014 til orientering

### Formannskapet i Radøy - 20/2014

#### FS - handsaming:

Kommunalsjef Jo Tømmerbakke gav formannskapet ei orientering om tilstandsrapporten i grunnskulen. Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandla æringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Kommunalsjefen viser til at Kvalitetsmeldinga frå 2011 drog opp retninga for det vidare arbeidet med å utvikla skulen i Radøy (La Linea). Dei to første store satsingsområda som er henta frå La linea er etterutdanning i klasseleiing og felles opplegg for leseopplæring og leseforedling, og Tømmerbakke er opptatt av at kommunen må stå fast på kursen som er valt.

Frode Hervik (V) kom med følgjande framlegg:

Rådmannen kjem tilbake med ei kartlegging av lærarkompetanse og ein plan for vidareutdanning i utviklingsplanen.

Ordførar Jon Askeland kom med følgjande framlegg:

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2014 til orientering og ventar framlagt ein utviklingsplan som tek med seg vurderingar i tilstandsrapporten og måla for Radøy-skulane.

Framlegget til Frode Hervik fekk ei røyst og fall.

Framlegget til ordførar Jon Askeland vart samrøystes vedteke.

#### FS - vedtak:

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2014 til orientering.

## **Saksopplysingar:**

### **Bakgrunn**

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skoleeigaren er kommen i å nå måla.

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skoleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skoleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skoleeigarar og skolar blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjinger for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Den plikta skoleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll, omfattar alle pliktene som ligg til skoleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

### **Vurdering**

Dette er Radøy si tredje kvalitetsmelding. I følgje system for oppfølging skal det lagast ei slik melding årleg. Kapasitetsproblem har ført til at vi ligg noko etter, og denne meldinga dekkjer perioden august 2011 - desember 2013.

Handteringa av resultatata vil i hovudsak blir styrt frå kommunen si side gjennom tiltaksdelen i Kvalitetsmelding 2011 (La linea - tidleg innsats heile vegen). Tiltaksdelen utfordrar til eit breitt tverretatleg samarbeid, og til eit grundig implementeringsarbeid i kvar eining.

Tilstandsrapporten må sjåast på som ei løypemelding inn mot det utviklingsarbeidet som kommunen har sett i gang langs La linea. Kvalitetsmeldinga vart godkjent ultimo april 2011, og er såleis fersk m.o.t. alle tiltaka som er føreslegne.

Tala er på ein del område springande i løpet av perioden, med merkbare endringar frå år til år. Dette heng truleg saman med det relativt låge talet på elevar vi har. Det vert for tida vurdert frå administrativt hald i kommunen om ein skal gjere elevundersøkinga obligatorisk for alle elevar i kommunen frå 5. - 10. trinn kvart år, for å få eit breiare vurderingsgrunnlag. Pr i dag er elevundersøkinga berre obligatorisk for 7. og 10. årstrinn i alle kommunar, medan det er valfritt å ta med dei andre trinna frå 5. - 10. trinn.

Når ein jobber med kvalitetsutvikling i skulen, vil det vere viktig å analysere data og resultat på ein grundig og systematisk måte, både kommunen sett under eitt og på kvar einskild skule. I den vidare

prosessen med rapporten er følgjande spørsmål viktige å avklare:

- Kan resultatata forklarast med utgangspunkt i dei forutsetningane vi har?
- Kan resultatata forklarast med utgangspunkt i måten vi jobbar på?
- Kan resultatata forklarast med utgangspunkt i det vi ikkje gjer?

Betre resultat i Radøyskulen i framtida handlar om:

- Systematisk, metodisk, grundig og planlagt arbeid over tid.
- Tiltak basert på forskning, kunnskap og evidens.
- Systemiske prosessar i lærande organisasjonar.
- Kommunikasjon og tillit
- Godt leiarskap

I det vidare arbeidet med kvalitetsutvikling i Radøyskulen ser ein for seg fire fokusområde:

- Skule/heim samarbeid
- Grunnleggjande ferdigheiter
- Klasseleiing/læringsmiljø
- Leiing

### **Elevar og undervisningspersonale**

Det er eit mål for Radøy å ha ein tilfredsstillande lærartettleik, dvs. at det ikkje vert for mange elevar pr lærar. Med gjennomgåande små skular vil dette vera ein naturleg konsekvens. Samstundes er Radøy ein økonomisk pressa kommune, og vi verken kan eller bør ta mål av oss til å ha ein lærartettleik som er langt større en fylke/landsnivå. I rapporten ser vi at Radøy, trass i trong økonomi, har høgare lærartettleik enn fylke og landsplan, men lågare enn kommunegruppe 2.

### **Læringsmiljø**

Det er ei utfordring når ein skal tolke resultat frå elevundersøkinga at ein ikkje finn normerte skalaer i samfunnsvitskapen. Dette tyder mellom anna at ingen spørsmål er verdifrie, og korleis ein formulerer spørsmåla er med på å forme svara - "som du spør, får du svar". Analyse av kvalitet må byggje på ein analyse av samanheng, og det er naudsynt å finne relevante samanlikningar.

Det er og viktig å hugse på 0,3 regelen om statistisk signifikans. Dette inneber at skilnaden for ein liten kommune som Radøy, med ca 60 elevar pr årstrinn, på dei fleste område må vere rundt 0,3 i den eine eller andre retninga for at det i det heile tatt kan vurderast om ein skil seg frå samanlikningsgruppene, både positivt eller negativt. Med andre ord vil resultat innafor 0,3 i begge retningar bli rekna som "ingen skilnad" statistisk.

Resultata frå elevundersøkinga viser at vi jamt over har eit læringsmiljø på linje med dei vi samaliknar oss med, dvs. kommunegruppe 02, Hordaland fylke, og landsplan. Det er ei utfordring at ein ikkje har oppdaterte tal frå inneverande skuleår på elevundersøkinga, då publiseringa av desse tala frå Utdanningsdirektorartet si side har vorte forsinka. Siste oppdatering på dette området er at tala vil verte publierte i løpet av april. Uansett vil våre eigne lokale undersøkingar, observasjonar, samtalar og kartleggingar vere vel så viktige for arbeidet med desse områda, då desse gjev grunnlag for straktiltak i tiltaksarbeid mellom anna mot mobbing.

## **Resultat**

Det er viktig når ein studerer data for Radøy, å sjå resultatata opp mot at det er om lag 60 elevar pr årskull som svarer kvart år. Signifikansen til marginale endringar må vegast opp mot dette. I kommunar på denne størrelsen vil resultat på nasjonale prøvar variere med årskulla, då kvar einskild elev utgjer ein relativt stor prosentdel av sluttresultatet. Kunnskap om dei einskilde årskulla og elevane vil difor vere avgjerande når ein analyserer resultatata på nasjonale prøver kvart år. I Radøy skjer den viktigaste analysen på skulenivå, i forhold til korleis kvar einskild elev presterer sett opp mot andre vurderingar av eleven sin kompetanse.

## **Nasjonale prøvar(NP) i lesing, rekning og engelsk**

### **Lesing:**

I arbeidet med nytt leseopplæringsprogram, har vi fått sjå skular som har greidd å snu utviklinga og få til tydelege betringar. Det nye forskingsbaserte leseopplegget - der ein både har fokus på byrjaropplæringa og vidare foredling av leseugleik gjennom heile skuleløpet, vil forhåpentlegvis bety ei positiv endring for alle elevane i Radøy. På ungdomsskulen vert det til vanleg arbeids med leseforedling ved å auke sjølv leseerfaringa, og å lære elevane god studieteknikk. Nytt program for leseforedling (SOL) vil gi skulen eit verkty til å vise for kvar elev korleis ein blir ein betre lesar.

### **Rekning:**

Med unntak av inneverande skuleår, har ein hatt ei fin utvikling dei seinare åra . Særleg gledeleg at vi dei siste åra har færre elevar på nivå 1 enn tidlegare. Regionalt er matematikk eit satsingsområde i tida framover, og her lokalt i Nordhordland vert det jobba med å utarbeide eit tilbod om vidareutdanning i matematikk for lærarar på barnetrinnet i samarbeid med NLA på Breistein. I matematikk på 8. trinn har ein hatt ei negativ utvikling på dei to lågaste nivåa. Rett nok ser vi ei positiv utvikling frå skuleåret 10/11 til 11/12, men ho vert reversert i 12/13 og 13/14. Eit positivt poeng er det at ein har fått litt fleire elevar på dei to høgaste nivåa inneverande skuleår enn tidlegare år.

Det er viktig å ha klart før seg at testinga vert utført om hausten i 8. klasse. Arbeidet med å styrkja desse resultatata må såleis setjast inn på mellomsteget i barneskulen. Det er ønskeleg å styrkja lærarane sin matematikk-kompetanse. Gjennom Norhordland kursregion arbeider vi derfor med å få til ei desentralisert vidareutdanning i matematikk i regionen.

### **Engelsk:**

Skuleåret 11/12 gjekk denne prøven ut i heile landet for 5. kl, grunna ymse tekniske problem knytta til gjennomføring av prøva. Skuleåret 12/13 ser vi det beste engelskresultatet vårt i 5. klasse nokonsinne. Inneverande skuleår er resultatet noko dårlegare, med fleire elevar på lågaste nivå og færre på høgste nivå. Utviklinga på 8. trinn dei siste åra er blanda, men med ein tilbakegang inneverande skuleår. Vi har framleis for mange elevar på nivå 1 og 2. Det er ikkje enkelt å hente dette inn att så seint i skuleløpet. På desse nivåa kan ein finne mange elevar som har gått over tid og ikkje meistra. Med det nye systemet for leseforedling vi no tek i bruk, kan det bli enklare å finne ut, og synleggjere, korleis den einskilde eleven kan få til å gjere det betre også i dette i faget.

## **Resultat:**

### **Samanheng standpunkt - eksamen:**

Vi ser at i matematikk er det stor skilnad mellom standpunktkarakter og eksamen. Slike avvik ser ein også hjå dei vi samaliknar oss med, men skilnaden er merkbar større i Radøy. Det må ein ta med seg

inn i den vidare kvalitetsutviklinga av vurderingsarbeidet ved ungdomsskulen. I norsk er skilnaden mellom standpunkt og eksamen på eit lågt nivå i Radøy, og klart mindre enn gruppene ein vert samanlikna opp mot. I engelsk skil Radøy seg frå dei andre gruppene med å ha høgare snitt på eksamen enn på standpunkt.

### **Grunnskulepoeng**

Vi skal vere obs. på at grunnskulepoenga er rekna ut på gjennomsnittet av standpunkt x 10. Dersom det skulle vere relevant å samanlikne desse poenga, burde ein vere trygg på at det er ein lik vurderingskultur på alle skular og kommunar. Det er det ikkje - og då kan ein sjølv sagt stille spørsmål ved nytten av slik direkte samanlikning. Det kan likevel vere av ein viss verdi å sjå seg sjølv opp mot andre relevante kommunar, i forhold til om ein har store avvik den eine eller den andre vegen. Store avvik kan vere eit teikn på at ein må sjå på og evaluere eigen vurderingspraksis.

Sett over tid ligg Radøy ganske så stabilt når det gjeld grunnskulepoeng. Variasjonen mellom 2008 - 2013 er 1,1 poeng, og samanlikna med andre relevante grupper er vi heilt på snitt med dei.

### **Gjennomføring**

#### **Overgang grunnskule - vidaregåande skule**

Generelt er 4,5 % som ikkje tek til på VGS eit høgt tal, men dersom dei td. går på folkehøgskule er det knapt eit problem. Slike opplysningar har vi ikkje pr i dag.

Sett frå eit overordna samfunnsperspektiv, vil kanskje graden av gjennomføring av vidaregåande utdanning, vere den viktigaste kvalitetsindikatoren å måle Radøyskulen opp mot. For å kunne gjere det treng vi andre og meir omfattande verkty enn det vi har i dag. Kvalitetssystemet PULS, utvikla av Conexus, er pr i dag eit av få dataverkty som er utvikla eine og aleine med tanke på å betre kommunar og fylkeskommunar sitt kvalitetsarbeid i skulen. Skuleeigarane i Nordhordland er no i ferd med å greie ut om ein skal ta i bruk dette kvalitetssystemet.

### **Konklusjon**

Kvalitetsmeldinga frå 2011 drog opp retninga for det vidare arbeidet med å utvikla skulen i Radøy. Kvalitetsmeldinga har ein tiltaksdel som byggjer på nyare forskning om kva som verkar når det gjeld å betre elevane si læring. Tiltaksdelen har fått namnet "La linea". Det er gjort for å skape eit eintydig omgrep for ei tverretatleg satsing m.o.t. tidleg innsats i følgje med barna frå svangerskap til dei går ut av grunnskulen. La linea har både ei kortiktig og ei langsiktig intensjonskraft som skal verke gjennom eit tverretatleg og systemisk arbeid. Det er viktig å sjå på dei årlege tilstandsrapportane som løypemeldingar langs det langsiktige perspektivet i La linea. Dersom vi lukkast godt med det systemiske arbeidet, skal implementering av tiltaka gradvis gi ei langtidsverkande positiv utvikling for borna i Radøy.

Dei to første store satsingsområda som er henta frå La linea er etterutdanning i klasseleiing og felles opplegg for leseopplæring og leseforedling.

Etterutdanning i klasseleiing for alle lærarane i Radøy, og i tillegg alle assistentane ved Radøy ungdomsskule, gjekk ein i gang med i november 2011, og er vart følgd opp med to dagar i vårsemesteret 2012. Dette temaet er så sentralt i forhold til skuleutvikling, at det må haldast varmt kontinuerleg.

Felles opplegg for leseopplæring for alle elevane i Radøy, og ein felles strategi for leseforedling gjennom heile grunnskuleløpet, var det andre hovudsatsingsområdet. Arbeidet med å få dette på plass tok til straks Kvalitetsmeldinga låg føre medio april 2011, og er leia av PPT i Radøy. I desse dagar er opplæringa gjennomført, og innføringa av SOL (Systematisk Observasjon av Lesetame) er gjort.

Det er noko ulikt kor langt implementeringa av SOL har kome på skulane, og difor må ein framleis ha tett fokus på dette området framover.

Det skjer mykje langs La linea - både når det gjeld implementering av dei tiltaka som var skisserte pr. medio april 2011, og når det gjeld påfyll av nye aktørar og tiltak. La linea er lagt ut på kommunen si heimeside, og skal vere "levande" slik at alle som ønskjer det, kan følgje med i utviklinga. For å få eit bilete av alt som er på gang, må ein først setje seg inn i Kvalitetsmelding 2011 - frå s. 30 til 45, og så samanlikne med ferske versjonar av La linea.

Kvalitetssystemet PULS, utvikla av Conexus, er pr i dag det eit av få dataverkty som er utvikla eine og aleine med tanke på å betre kommunar og fylkeskommunar sitt kvalitetsarbeid i skulen. Skuleeigarane i Nordhordland er no i ferd med å vurdere om ein skal ta i bruk dette kvalitetssystemet.

**Vedlegg:**

Tilstandsrapport for grunnskulen 2014

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
21/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014
11/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	10.04.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Nina Marie Kvamme	14/586	

## Høyring - Reservasjonsordning for fastlegar

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen

### Formannskapet i Radøy - 21/2014

#### FS - handsaming:

Finn Frantzen (KrF) meiner det ikkje er ei kommunal oppgåve, men eit nasjonalt ansvar å ta stilling til reservasjonsretten til fastlegane. Han meiner saka ikkje burde vorte sendt ut til kommunane. Han viste til Bergen kommune si handtering av saka, og oppfordra formannskapet til å følgja same linje.

Ann Christin Hoen (Ap) meiner det ikkje skal vera mogleg for fastlegane å reservera seg. Ho gjorde framlegg om at kommunestyret måuttala seg i denne saka.

Eit samrøystes formannskap vedtok at det skal utarbeidast ein uttale i tråd med Bergen kommune si tolking, og at denne uttalen vert oversendt kommunestyret.

#### FS - vedtak:

Det vert utarbeidd ein uttale som er i tråd med uttalen frå Bergen kommune. Saka skal handsamast i kommunestyret.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Departementet sende 21.02.2014 ut høyringsforslag til

*Endringar i helse- og omsorgstenestelova og i pasient og brukarrettighetslova (heimel til å gi forskrifter om reservasjonsmulighet for fastlegar og rett til å skifte fastlege ved reservasjon)*

samt



*Forskrift om endringar i fastlegeforskrifta (forskrift 29.august 2012 nr. 842 om fastlegeordninga i kommunane) og i forskrift om pasient- og brukarrettar i fastlegeordninga (forskrift 29.august 2012 nr.843)*

**Departementet foreslår å opne for at kommunar kan inngå avtale om reservasjon med fastlegar som av samvitsgrunnar ikkje ønskjer å henvise kvinner til abort.**

Frist for uttale er 30.april 2014.

#### **Om innhaldet i høyringsnotatet:**

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår ei tilføyning i helse- og omsorgstenestelova §3-2 tredje ledd, som opnar for forskriftsfesting av mulighet for fastlegar å reservere seg mot henvising og behandling ved alvorlege samvitskonfliktar knytt til liv og død. Med dette er i hovudsak meint abort, men også aktiv dødshjelp, om dette seinare blir tillate i Noreg.

I samband med dette er det også nødvendig med endring i fastlegeforskrifta og i forskrift om pasient og brukarrettar i fastlegeordninga. Dette for å legge til rette for at kommunen skal få høve til å inngå avtalar med fastlegar om at desse kan reservere seg. Det er knytt krav til slik reservasjon, sjå s.3 i høyringsnotatet. Mellom anna må det finnast alternativ for kvinna, fastlegen skal informere sine pasientar, og det skal vere mogeleg å skifte fastlege for den som får melding om at legen har reservert seg.

#### **Bakgrunn for høyringa**

Etter vedtak om felles ekteskapslov i 2008, fekk rådet for legeetikk fleire henvendingar frå legar som ikkje såg seg i stand til å henvise lesbiske par til assistert befruktning. Ved gjennomgang av det juridiske grunnlaget for reservasjon, fann departementet at fastlegeforskrifta frå 2001 ikkje opnar for at fastlegar med listeansvar kan få adgang til å reservere seg mot å henvise til abort, assistert befruktning eller forskriving/innsetting av prevensjon.

Legeforeininga har også drøfta spørsmålet, og fatta i landsstyremøte 2013 at «alvorlige samvittighetsgrunner knyttet til liv og død kan gi grunnlag for at leger gis reservasjonsmulighet...» sjå side 4 i høyringsnotatet.

Vidare vart spørsmålet drøfta i Stålset-utvalet i 2013. Eit fleirtal på 11 av 15 vil ikkje tilrå utviding av reservasjonsretten utover dei avgrensingar som vart vedteken då abortlova vart endra i 1975.

Helsedirektoratet vart i 2011 beden om å kartlegge omfanget, og fann då få tal slike reservasjonar. Frå primærhelsetenesta vart det meldt 16 tilfelle, i spesialisthelsetenesta 79. Undersøkinga har manglar (sjå side 5 i høyringsnotatet).

#### **Om adgang for fastlegar til å reservere seg av samvitsgrunnar**

Spørsmålet om fastlegar bør kunne reservere seg av samvitsgrunnar handlar på eine sida om vern om fridom til å handle ut frå samvit, og om ivaretaking av pasienten sin rett på den andre sida.

Den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 9 lyder slik:

*Art 9. Tanke-, samvittighets- og religionsfrihet.*

- 1. enhver har rett til tankefrihet, samvittighetsfrihet og religionsfrihet; denne rett omfatter frihet til å skifte sin religion eller overbevisning, og frihet til enten alene eller sammen med andre og så vel offentlig som privat å gi uttrykk for sin religion eller overbevisning, ved tilbedelse, undervisning, praksis og etterlevelse.*
- 2. frihet til å gi uttrykk for sin religion eller overbevisning skal bare bli undergitt slike begrensninger som er foreskrevet ved lov og er nødvendige i et demokratisk samfunn av hensyn til den offentlige trygghet, for å beskytte den offentlige orden, helse eller moral, eller for å beskytte andres rettigheter og friheter.»*

Utifrå dette vil det å pålegge fastlegen å henvise til abort måtte bli rekna som ei avgrensing i samvitts- og religionsfridomen. Dersom avgrensingane er «nødvendig i et demokratisk samfunn» vil likevel staten kunne avgrense fridomen til å gi uttrykk for sine overtydingar. Det å ha høve til å byte arbeid gir ikkje automatisk vern om religionsfridomen, men må takast med som eit av fleire moment i vurderinga.

På den andre sida finn vi FN sin konvensjon om sivile, politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, alle skal ha same tilgang til helsetenester utan diskriminering grunna t.d kjønn eller seksuell orientering. Staten «skal treffe alle tiltak som er nødvendige for å avskaffe diskriminering av kvinner på helseområdet, for å sikre tilgang til helsetjenester, herunder hjelp til familieplanlegging, på grunnlag av likestilling mellom menn og kvinner».

Etter abortlova har kvinner rett til sjølv å ta avgjerd om abort innan tolvte svangerskapsveke. Etter abortlova har helsepersonell rett til å reservere seg mot å utføre eller assistere ved sjølv abortingrepet (sjå side 7 i høyringsnotatet), det same gjeld ved assistert befruktning. Dette gir imidlertid ikkje fastlegen høve til å reservere seg mot å henvise (sjå s. 8).

Det har likevel vore ein praksis at fastlegar har reservert seg mot å henvise, og Statens helsetilsyn har i et rundskriv av 20.juni 1995 (sjå side 8) lagt til grunn at dei har høve til det, «dersom helsetibudet til pasientene ivaretas tilstrekkelig».

Problemstillinga vart igjen aktualisert etter at den nye ekteskapslova vart vedteken i 2008. Etter ein gjennomgang av det juridiske grunnlaget for reservasjon, presiserer departementet i rundskriv I-4/2011 det slik:

*«Allmennleger og fastleger tilknyttet den kommunale helse- og omsorgstjenesten har i dag ingen lov- eller forskriftsfestet rett til å reservere seg av samvittighetsgrunner»*

*«Når det gjelder fastleger...er det ikke hjemmel for kommunen å frita legen for oppgaver som er pålagt ved lov eller forskrift»*

*«...Med andre ord, er det pasientens behov for henvisning som er styrende for fastlegen. Bestemmelsen gir ikke en rett for fastlegen til å nekte eller unnlate å henvise pasienten videre av andre grunner enn at pasienten ikke har behov for en videre henvisning.*

*Videre er det i fastlegeforskriften §7 ikke gitt en adgang for partene, dvs kommunene og fastlegen, til å fravike denne bestemmelsen»*

Eit unntak frå regelen gjeld kommunalt tilsette legar utan listeansvar.

Ansaret er vidareført i den nye fastlegeforskrifta av 29.august 2012.

### **Departementets vurderingar og forslag**

Departementet legg til grunn at det er verdifullt for samfunnet at vi har fastlegar som reflekterer rundt etiske spørsmål. Utøving av samvitsfridom skal likevel ikkje påføre pasientane uforholdsmessige ulemper. Departementet meiner dermed at fastlegar bør ha adgang til å reservere seg, men at utforming av ordninga må ivareta omsynet til pasientane.

Reservasjonen skal omfatte heile prosessen rundt henvising til abort, men ikkje gjelde prevensjon eller henvising til assistert befruktning. Dersom aktiv dødshjelp vert tillete i Noreg, skal reservasjonsretten også gjelde dette.

Med bakgrunn i forslaget, blir det den enkelte kommune som skal vurdere om ein eller fleire fastlegar kan reservere seg. Dette har som føresetnad at det er tilstrekkeleg tilgang til fastlegar til at dette ikkje vert ei ulempe for dei kvinnene som har behov for tilvising.

Den aktuelle fastlege får ansvar for å inngå avtale med annan fastlege som då pliktar å ta over konsultasjonen. Fastlegen skal også informere sine listeinnbyggjarar, og kommunen får ansvar for å informere innbyggjarane kva fastlegar som har reservert seg. Avtalane skal kunne avsluttast dersom føresetnadane for å gi reservasjon ikkje lenger er til stades.

Departementet meiner at forslaget om reservasjonsmoglegheit no er utforma, ivaretar pasienten slik at ulempene er avgrensa, og at tiltaket må vurderast som formålstenleg.

Reservasjon er i forslaget ikkje ein rett, men det blir gjort mogeleg dersom hensynet til pasientane kan ivaretakast.

Høyringsnotatet vil også gjere endringar i lov om pasient- og brukarrettar når det gjeld skifte av fastlege som får nytte seg av reservasjonsretten (sjå s. 13-15 i høyringsnotatet).

### **Vurdering**

Per i dag har ingen av fastlegane i Radøy signalisert at dei ønskjer ein slik reservasjon. Innføring av reservasjonsmoglegheit kan likevel få konsekvensar ved eventuelle nyttilsettingar.

Rådmannen meiner at reservasjonsmoglegheit for fastlegane er eit prinsipielt vanskeleg tema. Pasienten sitt behov må vere styrande for fastlegen sitt arbeid, og fastlegen skal vere der for sine pasientar i alle situasjonar der pasienten har behov for hjelp frå sin fastlege. Reservasjonsmoglegheit set pasienten sine behov i andre rekke, og gjer møtet med helsetenesta vanskelegare og meir byråkratisk.

Vi har allereie ein reservasjonsrett knytta til utføring av abortingrepet. Ved å innføre reservasjonsmoglegheit også for henvisning, signaliserer vi at sjølv om ein er tilsett i ein funksjon med ei oppgåve, så kan ein velje vekk dei delane ein ikkje likar. Dette er ei svært urovekkjande

utvikling. På kva andre område vil vi få sjå reservasjon mot å halde seg til vedtekne lover og opparbeidde rettar som innbyggjarane i landet vårt har, dersom reservasjonsmoglegheit for fastlegane blir innvilga?

Det er også problematisk at departementet vil opne opp for at den enkelte kommune skal avgjere reservasjonssøknadane. Dette fører til ulik praksis og dermed også ulikebehandling av pasientar – og legar - frå kommune til kommune.

Formålsparagrafen i fastlegeforskrifta lyder slik:

*«Formålet med fastlegeordningen er å sikre at alle får nødvendige allmennlegetjenester av god kvalitet til rett tid, og at personer bosatt i Norge får en fast allmennlege å forholde seg til».*

Rådmannen meiner at innføring av reservasjonsmoglegheit bryt med formålsparagrafen i forskrifta. I tillegg vil innføring av reservasjonsmoglegheit etter det rådmannen kan sjå også bryte med formålsparagrafen i helse og omsorgstenestelova, §1-1

pkt 4. *«sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud»,*

pkt 5. *«sikre samhandling og at tjenestetilbudet blir tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbudet er tilpasset den enkeltes behov»* og

pkt 6. *«sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet».*

Formålsparagrafen i lov om helsepersonell – som også regulerer fastlegane – lyder slik: *«lovens formål er å bidra til sikkerhet for pasienter og kvalitet i helse- og omsorgstjenesten samt tillit til helsepersonell oghelse- og omsorgstjenesten»*

Desse rettane er også formulert i formålsparagrafen i pasient- og brukarrettighetsloven.

Rådmannen meiner difor at innføring av reservasjonsmoglegheit vil bidra negativt til arbeidet med å utvikle gode helse og omsorgstenester i kommunane.

### **Vedlegg:**

Høring - Reservasjonsordning for fastleger (L)(198410)

Hoeringsnotat\_om\_reservasjonsordning\_for\_fastleger.pdf (L)(198409)

Hoeringsbrev\_reservasjon.pdf (L)(198407)

Hoeringsinstanser\_reservasjon.pdf (L)(198408)

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
22/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014
13/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	10.04.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Harald Stanghelle	14/442	

## ROS analyse 2014

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner Rosanalysa og rapporten " Tryggleik, trivsel, livskvalitet for alle."

### Formannskapet i Radøy - 22/2014

#### FS - handsaming:

Rådmannen orienterte om at fylkesmannen 25.mars skal gjennomføra tilsyn med beredskapen i Radøy kommune. ROS-analysen og beredskapsplanen er sentrale element i tilsynet.

Utmarksbrann er i følge ROS-analysen den største risikofaktoren i Radøy. Ordføraren informerte om at Radøy, Austrheim og Fedje no skriv felles søknad til fylkesmannen om skjønsmidlar til eit prosjekt om nettopp beredskap mot utmarksbrann.

#### FS - vedtak:

ROS-analysen og rapporten " Tryggleik, trivsel, livskvalitet for alle" vert godkjend.

#### Saksopplysingar:

#### Vedlegg:

Funn ROSanalysa 2013 14

Følgeskriv og vedlegg til rosanalysa 2013-2014

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
23/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/245	

## Kraftledning Mongstad - Kollsnes - søknad om konsesjon for veg i Kuvågen - høyringsvar

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune vil gje følgjande høyringsvar til NVE til BKK sin søknad om konsesjon for veg i Kuvågen: Radøy kommune føreset at veg- og anleggsbygging vert som planlagt utført i tråd med framlegg til MTA-plan for tiltaket og har elles inga merknader til det konkrete tiltaket.

### Formannskapet i Radøy - 23/2014

#### FS - handsaming:

Arealplanleggjar Kjersti Flatråker orienterte om saka.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### FS - vedtak:

Radøy kommune vil gje følgjande høyringsvar til NVE til BKK sin søknad om konsesjon for veg i Kuvågen:

Radøy kommune føreset at veg- og anleggsbygging vert som planlagt utført i tråd med framlegg til MTA-plan for tiltaket og har elles inga merknader til det konkrete tiltaket.

#### Saksopplysingar:


##### Bakgrunn

I samband med legging av ny høgspent i frå Mongstad til Kollsnes søker BKK NVE om å få byggje anleggsveg i Kuvågen. Radøy kommune har fått saka på høyring.

Anlegg av denne typen vert handsama etter energiloven og treng ikkje handaming i kommunen etter plan- og bygningslova.


BKK skriv i sin søknad til NVE mellom anna:





Radøy kommune har i samband med sist revisjon av kommuneplanen gjort ei kartlegging av viktige kulturlandskap og landbruksområde saman med Fylkemannen i Hordaland. Kuvågen er ikkje vurdert som særleg viktig og det aktuelle området er definert om open fastmark og skog. Anleggsveg og mastepunkt M28 vert liggjande heilt i randsona på eit større skog- og myrområde.





For å komme til mastepunkt M28 vert det no søkt om å få leggje veg frå eksisterande veg til eigedom gnr 29 bnr 39 i Kuvågen.

Miljø, transport og anleggsplanen - MTA-plan, er utarbeidd av BKK og ligg no til handsaming hos NVE. Radøy kommune har handsama framlegg til MTA-plan og vore informant i BKK sitt arbeid. Det har vore møte med kommunen, møte med grunneigarane og synfaringar der både BKK, grunneigarane og kommunen har vore med.

*«En foreløpig MTA plan er forelagt kulturminnemyndighetene i forbindelse med § 9 undersøkelsene og følgende tiltak foreslås gjennomført:*

- *Areal rundt automatisk freda kulturminner avmerkes i MTA kart i henhold til krav fra kulturmyndighetene og funnstedene avmerkes i terrenget.*
- *Entreprenøren informeres i oppstartsmøte om potensiale forkulturminnefunn.*
- *Skog på ID 161154 (Saltvika)hogges manuelt for å unngå rotvelt.*
- *Riggplass R3 i transport og anleggsplanen (vedlegg 3, kart 3) flyttes til sørsiden av ledningen for å øke avstanden til kulturminne.*

*Endringer i anleggs- og transportplanen skal avklares med kulturmyndighetene før oppstart.»*  
Kjelde:BKK

I samband med utarbeiding av MTA-planen er det funne 4 lokaliteter som må merkast i anleggsperioden for å redusere faren for skade:

*«De fire lokalitetene som skal merkes er:*

*ID 161154 Radøy, Saltvika gnr 6 bnr 4*

*ID 161156 Radøy, nord for Kuvågen gnr 6 bnr 10*

*ID 161158 Lindås, ved Mjøsundet*

*ID 161155 Radøy, Kuvågen«*

Anleggsvegen i Kuvågen skal liggje att som permanent veg.

### **Vurdering**

Rådmannen har vurdert søknad om konsesjon om anleggsveg i Kuvågen opp mot framlegg til MTA-plan for tiltaket kraftleidning Kollsnes-Mongstad. Radøy kommune har vore aktiv når BKK har spurt om innspel til MTA-planen. Det har vore peikt på mange forhold som kan verte påverka av ein høgspenteleidning. For området i Kuvågen er det særleg tema kulturminne og friluftsliv som peikar seg ut som viktige.

Det er i MTA-planen påvist kulturminne med sikringssone i randsona til anleggsvegen. Markert med raud prikk med gul sirkel i kartet øve.

Det er ikkje stor landbruks- eller skogbruksdrift i området, men Kuvågen og miljøet rundt er viktig for dei som bur i området, for utøving av friluftsliv, samt i randsona for store skogområde som er viktige for flora og fauna og Radøy kommune ber om at det vert teke omsyn til desse kvalitetane. Sjølve Kuvågen er viktig for sjøfugl. Me gjentek at det er viktig at BKK informerar grunneigarane om kva som skal skje.

### **Konklusjon**

Radøy kommune føreset at veg- og anleggsbygging vert som planlagt utført i tråd med framlegg til MTA-plan for tiltaket.

### **Vedlegg:**

Søknad om konsesjon, ekspropriasjonsløyve og førehandstiltreding for permanente anlegg

Endeleg vedtak fra Statsråd

Kart

Olje- og energidepartementets konsesjonsvedtak

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
24/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.03.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	14/756	

## Sal av tomt -Storsandvik

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Mørenot Radøy får høve til å kjøpe del av kommunen sin eigedom (gnr bnr 82/25) nord for kommunevegen i Storsandvik. Administrasjonen utarbeider og inngår salsavtale.

### Formannskapet i Radøy - 24/2014

#### FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### FS - vedtak:

Mørenot Radøy får høve til å kjøpe del av kommunen sin eigedom (gnr bnr 82/25) nord for kommunevegen i Storsandvik. Administrasjonen utarbeider og inngår salsavtale.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Mørenot Radøy har tatt kontakt med kommunen med spørsmål om det er mogleg å få kjøpe eit område som ligg nord for kommunevegen i Storsandvik. Området er ein del av gnr bnr 82/25. Bakgrunnen for at Mørenot vurderer å kjøpe dette området er at Mundal har uttrykt ønskje om å kjøpe deler av Mørenot si tomt for å kunne utvide verksemda si. Mørenot ønskjer å sikre alternativt areal til framtidig næringsutvikling før dei går inn på ein salsavtale med Mundal.

Formannskapet har tidlegare handsama spørsmål om sal av same område. 28.06.2007 gjorde formannskapet følgjande vedtak i sak 065/07:

*«Storsandvik Eigedom AS får høve til å kjøpa kommunalt areal nord for kommunevegen til Storsandvik i samband med utviding av verksemda si. Avtalen vert lagt fram for formannskapet til endeleg godkjenning.*

*Det er ynskjeleg at det vert lagt til rette for leikeplass på eit anna areal i Storsandvik. Radøy kommune tek dette opp i drøftingane med Storsandvik Eigedom AS.»*

Framlegg til kjøpsavtale vart lagt fram for formannskapet for godkjenning 25.09.08, sak 086/08. Formannskapet gjorde følgjande vedtak:

*«Framlegg til kjøpsavtale mellom Radøy kommune og Storsandvik Eigedom AS for industriareal nord for kommunevegen til Storsandvik, vert godkjent slik den ligg føre.»*

Radøy kommune signerte salsavtale med Storsandvik Eigedom AS 21.09.09, men kjøpet vart aldri realisert og avtalen er falt bort. Radøy kommune er framleis eigar av det aktuelle området.

Det pågår ei utbetring av den kommunale vegen til industriområdet på Storsandvik, for å styrke rammevilkåra for verksemdene i industriområdet. Det er utarbeidd reguleringsplan for området som vart vedteke 06.12.2012. Arealføremål i det aktuelle området er industri og parkering. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen har kommunen vore i dialog med folk i bygda om leikeplassen som ligg i området som no vert vurdert solgt. Leikeplassen ligg ikkje som eit arealføremål i gjeldande reguleringsplan.



Utsnitt frå reguleringsplan Storsandvik

For å unngå at sal av kommunal eigedom skjer i strid med reglane om statstøtte i EØS-avtalen, skal

tomtar som kommunen eig leggast ut for sal på det opne markedet eller selgast til marknadstakst.

### **Vurdering**

Rådmannen vurderer det som viktig å legge til rette for næringsutvikling i Storsandvik, spesielt no som kommunevegen vert rusta opp for å gi best mogleg rammevilkår for verksemdene i området. Å selgje tomta til ein allereie etablerte bedrift i industriområdet, med hensikt å skape mulighet for den andre verksemda til å utvikla seg, vil kunne bidra positivt til næringsutviklinga i området.

Det er rådmannen si vurdering at sal av tomta skal skje til marknadstakst.

### **Konklusjon**

For å leggje til rette for næringsutvikling i Storsandvik, vert det rådd til at Mørenot Radøy får høve til å kjøpe del av kommunen sin eigedom nord for kommunevegen.

### **Vedlegg:**

Storsandvik Eigedom AS - kjøp av areal i Storsandvik (L)(43477)

Storsandvik Eigedom AS - godkjenning av avtale om kjøp av areal i Storsandvik (L)(138750)

Stadfesta kjøpsavtale for industriareal i Storsandvik (L)(83583)

Kjøp av tomt